

## KONTAKT ELDRERÅDET

Sveio eldreråd har møta sine på kommunehuset i Sveio. Har du spørsmål du vil drøfta med eldrerådet kan du ringja leiar John Gustav Eilerås på mobil 471 78 911 eller dei andre medlemmene. Sjå [www.sveio.kommune.no](http://www.sveio.kommune.no) under Politikk/Eldreråd.

Du kan òg ta kontakt med Servicekontoret / politisk sekretær på telefon 53 74 80 00.

**Kjenn rettane dine. Er du i tvil, snakk med Sveio eldreråd.**

\*\*\*



Frivillige steller i stand aktivitetar for bebuarane ved servicebustadane i Førde. Foto: Eva Førde

### SVEIO KOMMUNE

Telefon: 53 74 80 00 • E-post: [postmottak@sveio.kommune.no](mailto:postmottak@sveio.kommune.no)

Postadresse: Postboks 40, 5559 Sveio

Besøksadresse: Sveiogata 70, 5550 Sveio

[www.sveio.kommune.no](http://www.sveio.kommune.no)



Foto: Ida Kristin Vollum

## SVEIO ELDRERÅD

2020–2023

– ein kanal for påverknad og medråderett i nærmiljøet



## OM SVEIO ELDRERÅD

Sveio eldreråd vart oppretta i 1991. Frå 2019 er det kommuneloven § 5-12 som slår fast at kommunen skal ha eit eldreråd, og at eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamer sakene. Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre. Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen.

### Saker som eldrerådet handsamer kjem i hovudsak frå kommuneadministrasjonen og gjeld:

- Saker om levekår, helse og omsorg for eldre
- Årsbudsjett/økonomiplanar
- Kommuneplanar
- Bustadprogram og reguleringsplanar
- Samferdselssaker og kommunikasjonsplanar
- Idretts-, kulturelle- og andre kommunale tiltak som gjeld eldre

## UTFORDRINGAR

Sveio eldreråd arbeider for at kommunestyret og andre styringsorgan skal følgje opp pliktene sine, og leggje tilhøva til rette slik at våre eldre skal kjenna seg trygge og verdsette.

Det er viktig for eldrerådet at innbyggjarane i Sveio kjem med innspel, og at dei veit at dei er velkomne til møta våre.

## ORGANISERING

Sveio eldreråd har fem medlemmer. Eldrerådet skal òg ha fem varamedlemmer, men har ikkje lukkast med å finna meir enn tre i inneverande periode. Fleirtalet av medlemmene i eldrerådet skal ha fylt 60 år. Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar. Kommunen syter for sekretærhjelp og kontorhald.

### KVEN ER MED I RÅDET? 2020–2023

#### Medlemmer:

Leiar John Gustav Eilerås

Nestleiar Helge Matre

Berit Askevold Eriksen

Einar Halleland

Aslaug Kinn

#### Varamedlemmer:

Rakel Øyerhamn

Narve Milford

Hjalmar Lokna



Foto: Viktoria R. Lien